

## Familie og oppvekst

### Barn og unge skal sikrast gode oppvekstvilkår gjennom ein bevisst familiepolitikk

- Vidareføra barnetrygda som ei generell trygdeyting
- Målretta kontantstøtta til å gjelda familiar der ein av foreldra er heime med barn under to år
- Innføra tredeling av foreldrepermisjonen der 1/3 skal gå til far. Gje fedre sjølvstendige rettar
- Betra barneverntenesta og styrkja samhandlinga mellom stat og kommune på området
- Setja fokus på innhald og kvalitet i barnehagetilbodet



#### Kjersti Toppe

1. Kandidat  
Født 1967  
Lege  
Bergen



#### Solfrid Borge

2. kandidat  
Født 1959  
Ordførar  
Ullensvang



#### Jakob Bjelland

3. kandidat  
Født 1972  
Sivilingeniør  
Stord



#### Karstein Golten

4. kandidat  
Født 1980  
Sjukalear  
Sund



#### Steinulf Tungesvik

5. kandidat  
Født 1965  
Advokat  
Bergen



#### Jon Askeland

6. kandidat  
Født 1964  
Ordførar  
Radøy



SENTERPARTIET

Hordaland Senterpartiet - Neumannsgate 15 - 5015 Bergen

Telefon 53 00 01 92 - epost: [hordaland@senterpartiet.no](mailto:hordaland@senterpartiet.no)  
[www.senterpartiet.no/hordaland](http://www.senterpartiet.no/hordaland)

## Val '09

- Skule og omsorg
- Grønare næringsliv
- Betre samferdsel

Kjersti Toppe  
1. kandidat

Med hjarte for  
heile landet

SENTERPARTIET

## Ansvar, fellesskap og forvaltning

Alle innbyggjarane i Hordaland skal ha tilgang på gode offentlege tenester, og det skal leggjast til rette for verdiskaping og sysselsetjing i heile fylket. Vår ideologi byggjer på ideane om ansvar, fellesskap og ei langsiktig og berekraftig forvaltning av naturen og miljøet. Senterpartiet vil ha eit levande folkestyre der vedtak skal fattast nærast mogleg dei vedtaka gjeld. Noreg skal stå fritt utanfor EU, og vil bruka vår sjølvstendige røyst i eit aktivt internasjonalt engasjement. Me vil at Noreg skal byggja framtida på den kristne og humanistiske kulturarven. Senterpartiet går til val på fire nye år med raud - grønt fleirtal.

## Skule og omsorg - der du bur

**Senterpartiet vil styrkja innhaldet i skulen.**

- Auka lærartettleik i staden for heildagsskule, og med SFO som eit frivillig tilbod
- Vektlegging av skuleleiing, og meir etter- og vidareutdanning av lærarar
- Sikra elevane tidleg meistring i norsk, matematikk og engelsk
- Meir praktisk orientert læring i ungdomsskulen for elevar som har behov for dette
- Betre vedlikehald av skulebygningar, og sikra godkjent inneklima på alle skular
- Styrkja lærlingordninga, blant anna ved å auka lærlingtilskotet

**Kommunehelsetenesta må byggjast ut for å sikra gode helse- og omsorgstenester der folk bur.**

- Omfattande satsing på førebyggjande helsearbeid
- Auka kvalitet, fleire fastlegar og betre samhandling mellom kommunehelsetenesta og sjukehusa, mellom anna ved å etablera fleire distriktsmedisinske senter
- Byggja nok sjukeheimplassar, omsorgsbustader og dagtilbod
- Styrkja lokalsjukehusa i Hordaland, akutt- og fødetilbod skal oppretthaldast
- Spesielt styrkja rusomsorga, eldremedisin (geriatri), psykiatri og rehabilitering / habilitering
- Sikra rekruttering av helsearbeidarar blant anna ved å fjerna uønska deltid og føra ein aktiv likelønspolitikk

## Eit grønar næringsliv - der du bur

**Eit aktivt næringsliv er avgjerande for vidareutvikling av velferdssamfunnet.**

- Auka satsing på fornybar energi med 6-8 milliardar per år
- Leggja til rette for fleire småkraftverk
- Investeringsstøtte til bioenergi, vindkraft, solenergi, bølge- og tidevasskraft
- Etablera ”MiljøFunn”, som er skattelette ved investering i miljøvenleg teknologi
- Fjerna formueskatt på arbeidande kapital. 20% avskrivning av arveavgift per år
- Fjerna revisjonsplikt for små verksemder
- Sikra gode rammevilkår for industrien, og styrkja Bergen som finans- og næringslivsby

**Høgare utdanning, forskning og utvikling er viktig for verdiskapinga.**

- Styrkja studiefinansieringa og gjera det mogleg å vera heiltidsstudent. Stipend og lån må utbetalast 11 månader i året

- Forskingsinnsatsen skal opp på 3% av BNP
- Vidareutvikla SkatteFunn - ordninga for å stimulera til meir forskning i regi av næringslivet
- Sikra toppkompetanse og eit komplett utdanningstilbod i Bergen og eit breitt tilbod ved Høgskulen Stord - Haugesund

**Norsk landbruk er Noregs bidrag til den globale matvaretryggleiken i ei tid med aukande matvaremangel.**

- Sikra matproduksjonen i landet ved å styrkja lønsemda i jordbruket
- Føra ein restriktiv jordvernpolitikk
- Bruka skatte- og avskrivingsreglar til å stimulera til fornying av landbruksbygg
- Ha eit sterkt importvern for dei viktigaste produkta

## Betre samferdsel - der du bur

**Vår samferdselspolitikk skal byggja opp under velferd, arbeidsplassar i heile landet og ein betre miljø- og klimapolitikk**

- Tredobling av løyvinga til rassikring
- Sterkt fokus på trafikktryggleik og bygging av gang- og sykkelveggar
- Stor kollektivsatsing med betre busstilbod. Vidare utbygging av bybana i Bergen
- Krafttak for auka vedlikehald og investeringar på region- og stamvegane
- Sterk nedkorting av reisetida på Bergensbana. Utgreia høg fartstog
- Auka frekvens og kapasitet på riks- og fylkesvegferjene
- Tenleg flytilbod for heile regionen

## Miljø og klima

**Langsiktige omsyn til natur og miljø skal vera overordna kortsiktig vinning**

- Klimapolitikken skal byggjast på prinsippet om at forureinar betalar
- Stilla krav om CO<sub>2</sub>-reinsing på alle gasskraftverk. Mongstad skal bli eit internasjonalt teknologisenter for fangst og lagring av CO<sub>2</sub>
- Noreg skal arbeida for nye forpliktande internasjonale klimaavtalar
- Sikra verdfulle naturområde, kulturområde og dyrka mark mot nedbygging
- Berekraftig forvaltning av fiskestamma, kyst- og havområda våre. Ureinande skipsvrak må hevast

## Kultur - der du bur

**Hordaland er eit spanande kulturfylke, med ei enorm breidde.**

- Kulturbudsjettet skal hevast til minst 1% av statsbudsjettet
- Styrkja dei frivillige organisasjonane og innføra ”Kulturskuleløftet”, ein fireårig opptrappingsplan for kulturskulen
- Støtta bygging av idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og kulturbygg
- Senterpartiet går aktivt inn for å behalda TV2 i Bergen, og å styrkja film / scenemiljøet i fylket
- Staten må ta større ansvar for vedlikehaldet av verna bygningar og eigedomar